

# ÅRSMELDING FOR HARAM VENSTRE 2015

I meldingsåret har det vore spesielt stor aktivitet i lokallaget i samband med kommunevalet. Vi har avvikla seks kombinert gruppe- og styremøter i tillegg til eitt medlemsmøte. Dei fleste av møta blei haldt i det vanlege lokalet på Vatneeidet og var opne for alle interesserte.

## Lokallagsarbeid

Årsmøtet var på Knutepunktet ved Eidsvikeidet 17. januar, der vi utarbeida ein strategi for kommunevalet. For 2015 blei Ole Johan Høyberg og Thomas Vadset vald til høvesvis formann og nestformann med Kristian Stråmyr som sekretær, Malin Storholt som kasserar, Eili Ånadal Arntsen som ordinært styremedlem og Håvard Urkedal som UV representant i styret.

På medlemsmøtet 21. mars blei det innstilt ei valliste med 16 namn, derav ein fekk fritak etter innleveringa. På topp sette dei Kristian Stråmyr (ordførarkandidat) og Håvard Urkedal som kumulerte kandidatar.

Styret gjennomførte to temamøter på Kulturkafeen i Brattvåg. Det fyrste om kommunereform 13. mars med Gunn Berit Gjerde som innleiare og deltakarar frå Skodje og Ålesund Venstre. Det andre møtet var om næringslivspolitikkk 18. mai med stortingsrepresentant Pål Farstad og «nett no» redaktør Ogne Øyehaug som innleiare med ein tverrpolitisk tilhøyrarskare. I forkant av dette møte var Farstad med på bedriftsbesøk saman med lokale Venstre-representantar på Gjendemsjø og Brattvåg Electro.

Vi sette oss som mål ved inngangen av året og auke medlemstalet. Vi har per 01.12.15 16 registrerte medlemmar og 14 som har betalt kontingenten for 2015, og har med det hatt ein moderat nedgang i medlemstalet.

## Kommuneval

I samband med kommunevalet stilte vi på stand på Vårmarknaden 18. april, Myldredagane 13. juni, HaNo-dagane 5.-6. september og fleire gongar rundt om på strategiske stadar i kommunen. Håvard Urkedal deltok på skuledebatt 31. august og Kristian Stråmyr deltok på ordførardebattane 6. september (Haramsøy), 9. september (Brattvåg) og radiodebatt 11. september (Ålesund). Det blei gjennomført dør-bank i Tennjord-området helga før valdagen 14. september.

Vi ser oss mellomnøgd med resultatet av valet då vi ikkje fekk eit ekstra mandat og faktisk gjekk tilbake i oppslutnad med 0,8 % frå førre val, men det viktigaste er sjølv sagt at vi fortsatt har ein representant inne.

## Gruppearbeid

I det gamle kommunestyret møtte fast representant Ole Johan Høyberg i tre formannskap- og planutvals møter og tre kommunestyremøter medan Kristian Stråmyr møtte som vara for Høyberg tre gongar og Thomas Vadset ein gong. I det nye kommunestyret møtte fast representant Kristian Stråmyr på to møter og vara Håvard Urkedal på eit møte. Urkedal møtte òg på møtet i valnemnda. Oversikt over fordeling av ymse verv for den nye perioden ligg ute på nettstaden vår: [www.venstre.no/haram](http://www.venstre.no/haram)

Ole Johan Høyberg tok på vegne av gruppa opp eit grunngeve spørsmål til ordføraren om miljømåla i energi- og klimaplanen 16. juni og munnlege spørsmål til administrasjonen i saka om barnevern 18. juni. Thomas Vadset stilte òg eit grunngeve spørsmål angåande trafikktryggleiken i Vadsetkrysset 7. mai.

Av viktige saker i kommunestyret har vi sikra ekstra mottak av flyktningar, oppføring av midlertidige undervisningslokalar ved Tennfjord barneskule i påvente av den nye fellesskulen på Eidsvikeidet, utredning av kommunereform og bevaring av konsesjonslova.

## Delegasjonar med representantar frå Haram Venstre:

- Rikspolitisk samling på Stortinget 10.-11. januar: Kristian Stråmyr
- Fylkesårsmøte i Molde 7.-8. februar: Kristian Stråmyr og Håvard Urkedal, Stråmyr var årsmøtesekretær.
- Lokalpolitisk nettverk i Ålesund 7.-8. mars: Kristian Stråmyr og Malin Storholt (Håvard Urkedal møtte som UV representant).
- Fylkessamling i Molde 21. november: Kristian Stråmyr og Håvard Urkedal.

*Styret i Haram Venstre*